






Innkjøpsstrategi for Ål kommune 2025-2028




ÅL KOMMUNE

1. Innhald

1. Innhald	2
2. Innleiing.....	3
3. Mål	4
4. Overordna mål – Bidra til gode tenester og verdiskaping for kommunen, og sørge for effektiv bruk av samfunnet sine ressursar.	4
Delmål 1 – effektiv bruk av kommunens ressursar	4
Delmål 2 – Klima og miljø	5
Delmål 3 – Samfunnsansvar	6
5. Frå ord til handling.....	7





ÅL KOMMUNE

2. Innleiing

Offentleg sektor har betydeleg innkjøpsmakt som må brukast målretta i omstillinga til eit meir berekraftig samfunn. Velferd og utvikling må vere basert på naturen sine tolegrensar, og internasjonal rettferd og menneskeverd.

Ål kommune utførte i 2023 innkjøp av varer og tenester for 273 millionar, noko som utgjer 35 % av det årlege budsjettet. Av dette utgjer 67 millionar investeringar innan bygg og anlegg.

Innkjøps-, teneste og rammeavtaler som blir inngått, er viktige for kommunen, dei tilsette, leverandørane og brukarane av kommunale tenester. Med dette følgjer eit ansvar om å opptre som ein samfunnsbevisst og profesjonell innkjøpar og sørge for effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Samtidig ynskjer kommunen å bruke innkjøpa som eit bevisst og strategisk verktøy for å bidra til samfunnsansvar (ref. Klimaplan for Hallingdal kap. 3), næringsutvikling og innovasjon.

Innkjøp er strategisk viktig og skal vere med på å sikre kommunen sine mål. I ein del tilfelle er det ein direkte samanheng mellom kvaliteten på dei innkjøpa som blir gjort og på tenestene som kommunen leverer.

Ål kommune sin strategi for innkjøp er knytt til Kommuneplan for Ål kommune 2015-2027 og Klimaplan for Hallingdal 2025-2028.

Kommuneplanen har som overordna mål at Ål kommune skal:


- «Vere eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig» og
- «Vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar».


Det overordna målet for næringsutviklinga er:

- «å utvikle Ål sine fortrinn, styrke eksisterande næringsliv og bidra til at det vert skapt nye arbeidsplassar».

Klimaplanen har som overordna mål etter kap. 3 «Grønne anskaffelser, innovasjon og forbruk» å:

- Stille klima- og miljøkrav i alle sine anskaffingar
- Gjennomfører klimavennleg og innovative innkjøp av varer og tenester med lågt klimafotavtrykk
- Jobbe saman med næringslivet og innbyggjarar for eit berekraftig forbruksmønster.





ÅL KOMMUNE

3. Mål

Ål kommune sin innkjøpsstrategi bygger på kommunen sin hovudstrategi, og definere overordna tankar og åtferd ved innkjøp. Innkjøpsstrategien skal gje eit felles grunnlag for gjennomføring av innkjøp som er berekraftige og som sikrar effektiv ressursbruk. Ål kommune skal gjennomføre innkjøp på ein profesjonell måte, i tråd med lov og forskrift, og basert på anskaffingslova § 4 sine fem grunnprinsipp; «Konkurranse, likebehandling, etterprøvbarehet, forutberegnelighet og forholdsmessighet».

Strategien gjeld for alle innkjøp som blir gjennomført i kommunen på tvers av administrative einingar. Den gjeld også for einingar og IKS kor Ål kommune er vertsskap t.d. Regionrådet og Hallingdal Renovasjon. Den gjeld i alle fasar av innkjøpsprosessen, frå planlegging til utlysing. Alle tilsette har eit felles ansvar for å bidra til at Ål kommune lykkast med å gjennomføre måla sine.

Etter 1. januar 2024 har regjeringa skjerpa krava for å vareta klima- og miljøomsyn ved offentlege anskaffingar, slik at kommunen må legge betydeleg større vekt på klima- og miljøomsyn enn før. Hovudregelen er at miljøomsyn må vektast med minimum tretti (30) prosent ved utarbeidast av tildelingskriteria som tilbodet skal vurderast etter. Alternativt kan det stillast klima- og miljøkrav i kravspesifikasjon for vara eller tenesta, dersom dette gir ein klart betre klima- og miljøeffekt. Dette gjerast for at landet skal nå sitt utsleppsmål med halvering av klimagassutslepp innan 2030.

4. Overordna mål – Bidra til gode tenester og verdiskaping for kommunen, og sørge for effektiv bruk av samfunnet sine ressursar.


Ål kommune sine innkjøp skal bidra til gode tenester og verdiskaping, og sørge for ein effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Innkjøpa skal bidra til grøn næringsutvikling, reduserer klima- og miljøbelastninga i samfunnet, motkjempe sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Innkjøpa skal skape tillit til Ål kommune som ein profesjonell og samfunnsbevisst innkjøpar.


Delmål 1 – effektiv bruk av kommunens ressursar

Ål kommune sine anskaffingar skal vere basert på konkurranse og skal sikre einsynt til at «likebehandling, etterprøvbarehet, forutberegnelighet og forholdsmessighet» blir varetatt igjennom heile anskaffingsprosessen.

Tiltak for å sikre at dette blir varetatt gjennom heile anskaffingsprosessen:

- Rullere og informere om Ål kommune sin innkjøpsstrategi.
- Utarbeide innkjøpsreglement og- rettleiar.
- Etablere rutinar for tettare oppfølging av alle inngåtte kontraktar.





ÅL KOMMUNE

- Heve kompetansen på innkjøp i organisasjonen og sørge for at alle som utfører innkjøp, har grunnleggjande kompetanse innan offentlege innkjøp.
- Alle innkjøp som faller inn under regelverket for offentlege innkjøp del II, III og IV, skal kvalitetssikrast av innkjøpsrådgivar
- Ha god oversikt og etablere lett tilgjengeleg informasjon om gjeldande kontraktar, avtaler og vilkår
- Sørge for at KGV (konkurransgjennomføringsverktøy) har enkelt, tilgjengelege og oppdaterte rutinar, rettleiarar, malar og verktøy til bruk i innkjøpsprosessen.
- Størst mogeleg bruk av faktura i elektronisk format (EHF).
- Vidareutvikle samarbeid med andre kommunar, derunder Viken Vest og Buskerud Innkjøpssamarbeid.
- Nytte ekstern kompetanse på store og komplekse innkjøp via rammeavtaler

Delmål 2 – Klima og miljø

Klimaplanen for Hallingdal har som overordna mål etter kap. 3 «Grønne anskaffelser, innovasjon og forbruk» om å:

- Stille klima- og miljøkrav i alle sine anskaffingar
- Gjennomfører klimavennlege og innovative innkjøp av varer og tenester med lågt klimafotavtrykk
- Jobbe saman med næringslivet og innbyggjarane for eit berekraftig forbruksmønster.


Gjennom dette vil Ål kommune bidra til å oppfylle nokon av FNs berekraftsmål blant anna:

- 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 12 – Ansvarleg forbruk og produksjon og
- 13 – Stanse klimaendringane.



Ål kommune skal nytte klima og miljøløysingar som sikrar grøn næringsutvikling. Kommunen skal bruke si innkjøpsmakt til å redusere klima- og miljøbelastninga i samfunnet.





ÅL KOMMUNE

Innkjøpspraksisen skal vere slik at unødvendig material- og energibruk blir unngått, og gjenbruk og sirkulærøkonomi blir nytta i den grad det er mogeleg. Kommunen skal tenke, planlegge og leggje vekt på heile anskaffingas levetid (livssyklus) for å oppnå miljøgevinstar og spare pengar

Tiltak for å oppnå miljøgevinstar og spare pengar:

- Før kommunen vedtek å kjøpe nytt, skal det vurderast om det kommunen allereie har kan brukast om att
- Aktivt bruke miljøsertifisering, merkeordningar og miljøleingsystem i kvalifikasjonskrav, kravspesifikasjonar, tildelingskriteria og kontraktvilkår til innkjøpa.
- Det skal vurderast behov og moglegheit for innovasjon og nyskapning der dette kan bidra til betre, meir effektive eller klimavennlege innkjøp
- Arbeide for å redusere frakt og emballasje.
- Ta omsyn til anskaffingas livssyklus kostnad tidleg i anskaffingsprosessen. Leggje vekt på at delar kan skiftast, og at anskaffinga kan reparerast
- Bygge vidare på samarbeidande som er starta (faggruppe for innkjøp), og arbeide for å bygge kompetanse internt i kommunen og i Hallingdal

Delmål 3 – Samfunnsansvar


Kommuneplan for Ål kommune 2015-2027 har for næringsutviklinga som overordna mål: «å utvikle Ål sine fortrinn, styrke eksisterande næringsliv og bidra til at det vert skapt nye arbeidsplassar».


Delmåla: «Stimulere til at næringslivet kan tileigne seg naudsynt og relevant kompetanse» og «ta initiativ til og støtte samarbeid og nettverksbygging mellom næringslivet og det offentlege».

Ål kommune sin innkjøpsstrategi skal, innanfor dei rammene som regelverket gir, leggje til rette for deltaking frå lokalt næringsliv. Ål kommune skal gjere lokalt næringsliv betre i stand til å koma med konkurransedyktige tilbod.

Tiltak for å gjere lokalt næringsliv betre i stand til å koma med konkurransedyktige tilbod:

- Auke dei lokale leverandørane sin kunnskap og kompetanse om offentlege innkjøp.
- Finne og utvikle arenaer for å møte næringslivet.
- Ål kommune skal identifisere og involvera brukare og interessentar tidleg i anskaffelsesprosessen
- Stille krav til leverandørane som ikkje er uforholdsmessige, som er relevante for leveransen og som ikkje er urimeleg høge.
- Dele opp store innkjøp i soner eller pr. oppdrag der det er høveleg.
- Følgje opp krav som blir stilt i kontraktane
- Vektlegge berekraftige, samfunnsansvarlege og lokale leveransar meir.





ÅL KOMMUNE

Ål kommune skal gjennom sine innkjøp fremje respekt for grunnleggjande arbeidstakar- og menneskerettar, samt nytte dei mogelegheitene som finst i regelverket til å skape et meir inkluderande samfunn.

Dette kan gjerast ved å:

- Nytte seriøsitetsbestemmingar som Viken-modellen – et anstendig arbeidsliv, eller liknande, for innkjøp over 2,05 millionar (Jmf Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar § 4).
- Kjøpe rettferdig handel-sertifiserte produkt der det er mogeleg.
- Stille krav til dyrevelferd der det er relevant, jf. dyrevelferdslova

5. Frå ord til handling

For å sikre gode innkjøp skal Ål kommunen:

- Oppnå gode avtalar gjennom gode innkjøpsprosessar.
- Syte for at alle som gjer innkjøp i kommunen, er kjent med kommunen sin innkjøpsstrategi, gjeldande lovverk og har grunnleggjande kompetanse om innkjøp.
- Ha høg kompetanse innan innkjøpsfaget og arbeide for auka kompetanse på offentlege innkjøp i kommunen.
- Utarbeide retningslinjer, rutinar og malar for heile anskaffingsprosessen.
- Ha gode rutinar for oppfølging og gjennomføring av inngåtte avtalar.
- Sikre lojalitet til inngåtte rammeavtalar.
- Kommune 3.0: Involvere lokale bedrifter der det er mogleg for å undersøke marknaden

For å lykkas med å implementere strategien er det behov for:

- At innkjøpsstrategien er forankra frå topp til botn i organisasjonen.
- At alle innkjøp blir gjennomført i høve til gjeldande regelverk og interne rutinar, og at kontraktar blir etterlevd.
- At det er ressursar tilgjengelege til utvikling og gjennomføring av forbetringstiltak.

Dette blir gjort gjennom å:

- Utnytte kompetanse hjå ressurspersonar i etatar som alt gjennomfører innkjøpsrelaterte oppgåver.
- Gjennomføre innkjøpsprosessar gjennom KGV.
- Forenkle og effektivisere sakshandsaming.
- Legge til rette for å nytte eksterne ressursar ved behov.
- Faste møter med innkjøpsansvarleg i kvar avdeling.
- At informasjon om strategien blir kommunisert ut til heile organisasjonen.

